



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Straume 31.10.2014

Fjell sokneråd vedtok i møte 29. oktober 2014 sak nr 35/14 følgjande høyringsuttale:

Staten og Den norske kirke – et tydelig skille . Høyringssvar frå Fjell sokneråd.

Fjell sokneråd takkar for høvet til å gje sin uttale til Kulturdepartementet sitt høyringsnotat «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille.» Notatet handsamar mange og viktige tema knytt til skiljet mellom staten og kyrkja. Fjell sokneråd har valt å knyte sine kommentarar berre til enkelte hovudpunkt.

Innleiing

Fjell sokneråd er glad for at departementet føl opp ein lang og pågåande prosess knytt til kyrkjeordningsspørsmål med konkrete framlegg som bidrar til å drive arbeidet framover. Samstundes vil Fjell sokneråd peike på faren for at løysingane som vert valt i ein «mellomfase» før ei endeleg kyrkjeordning vert vedteken, kan komme til å leggje uheldige føringar for den framtidige kyrkjeordninga. Fjell sokneråd vil difor understreke at eit felles arbeidsgjevaransvar i kyrkja framleis må vere eit overordna mål, og at kyrkjelova må bidra til at det også i den mellomfasen vi går inn i må vere mogeleg med ordningar der arbeidsgjevaransvaret vert lagt til lokalkyrkjelege organ.

Eit nytt rettssubjekt i balanse med dei eksisterande?

Fjell sokneråd sluttar seg til departementet sitt framlegg om å opprette eit nytt rettssubjekt som staten kan overføre den kyrkjelege verksemda til, og til at det er Kyrkjemøtet som må opptre på vegne av det nye rettssubjektet.

Departementet sitt forslag om at det nye rettssubjektet skal heite «Den norske kyrkja» er ikkje heldig. Alle sokn er ein del av Den norske kyrkja, og det vil difor vere misvisande om dette namnet vert overteken av eitt sentralt rettssubjekt.

Fjell sokneråd er positiv til at soknet framleis skal vere ei sjølvstendig juridisk eining ved sida av det nye rettssubjektet.

Departementet sitt framlegg har som intensjon å styrke sokna, og sikre vidare sjølvstende. Fjell sokneråd meiner at dette er ein god intensjon, men opplever at departementet i framlegget sitt ikkje i tilstrekkeleg grad oppnår ei slik styrking. Når departementet overfører heile den kyrkjelege verksemda til nasjonale, og ved delegasjon, regionale organ, bidrar dette tvert imot til ei endring av balansen mellom dei kyrkjelege organa på ein slik måte at det er potensiale for at den lokale kyrkja vert svekka i høve til kyrkja på det regionale og nasjonale nivået.

Delegasjon og fordeling av oppgåver ved avtale

Departementet opnar for at det nye rettssubjektet kan delegere sitt mynde til nasjonale og regionale organ, eit framlegg Fjell sokneråd er einig i.

Fjell sokneråd støttar også forslaget om ei delegasjonssperre mellom kyrkjemøtet og sokna. Dette bidrar til å sikre soknet sin autonomi, og viser at det ikkje er noko over- og underordningsforhold mellom dei to typane rettssubjekt.

Fjell sokneråd ser det likevel som viktig at eksplisitt delegasjon i lovverket ikkje legg uønskte føringar med omsyn til komande kyrkjeordning. Ein vil derfor be om at ein opnar for at dei ulike kyrkjelege organa kan inngå avtale om ei anna oppgåvefordeling enn det som går fram av §§9, 14, 23 og 24. På denne måten kan ein mellom anna oppnå forsøk med ordningar der arbeidsgjevaransvaret for prestar vert lagt til lokalkyrkjeleg organ. Ved slike forsøksordningar bør det opnast for eit samarbeid mellom fleire kyrkjelege fellesråd.

Klagenemnd for Den norske kyrkja.

Fjell sokneråd kan sjå at det i enkelte saker som omhandlar klage på forvaltingsvedtak eller biskopen si tenesteutøving, kan vere behov for ei eiga klagenemnd. Når det gjeld vedtak om disiplinærvedtak, meiner Fjell sokneråd at vedtak må gjerast av ansvarleg arbeidsgjevar. Fjell sokneråd kan ikkje sjå at rettstryggleiken for dei involverte ikkje skal vere tilstrekkeleg ivareteken gjennom arbeidsmiljølova.

Prestane og prestenesta

Fjell sokneråd stiller seg positiv til at det vert lovfest at kvart sokn skal ha prest, og kvart bispedøme ein biskop. Dette inneber ei økonomisk forplikting for staten, som sikrar at vi framleis vil ha ei landsdekkande kyrkje.

Samstundes vil Fjell sokneråd be om at det vert teke inn ei formulering i lovteksten som sikrar at sokneråda innverknad på den prestenesta dei skal vere mottakarar av. Dette kan til dømes gjerast ved at sokneråda får ansvaret for utvikling av gudstenestelivet i sokna i samarbeid med sokneprestane.

Fjell sokneråd vil også be om at sokneråde gjennom lova vert sikra reell påverknad ved tilsetjing av prestar i eige sokn.

For å sikre prestenesta si uavhengigheit, har departementet lagt fram forslag om å ta inn ei formulering om at all presteneste skal organiserast slik at prestane kan utøve tenesta si i samsvar med ordinasjonen sine føresetnader og plikter. Fjell sokneråd kan ikkje sjå at det er naudsynt at dette vert lovfest.

Om prosti og prost

I lovforslaget er tidlegare paragraf § 22 om prostiråd, fjerna. Trass i manglande skildring av prosti som omgrep, har forslaget fleire referansar til prost som instans. Fjell sokneråd rår til at alle slike referansar går ut av lovverket.

Økonomi

Rammeoverføringar og omstillingskostnader

Fjell sokneråd er glad for at departementet i sitt framlegg vil sikre at det er prestar i alle sokn. Formuleringa i framlegg til § 22 om staten sitt økonomiske ansvar er likevel for vag, og bør gjerast tydelegare. Mellom anna må det gå klårt fram at staten skal gje tilskot til ei landsdekkande folkekyrkje, uavhengig av kvar arbeidsgjevaransvaret for prestane er plassert. Det må ikkje oppstå tvil om at staten har eit økonomisk ansvar også dersom arbeidsgjevaransvaret for prestar i ved avtale vert lagt til soknet sine organ.

Staten sitt økonomiske ansvar for ei landsdekkande trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år bør også lovfestast i § 22. Likeeins eit økonomisk ansvar for bispetenesta, utgifter til døvekyrkjelydar og samisk kyrkjeliv og til dei regional og sentrale kyrkjelege organa. I tillegg bør det inn i lovteksten at staten sitt bidrag også skal omfatte tilskot til diakoni, kyrkjemusikk og kyrkjeval.

Nivået på rammeoverføringa kyrkja får med seg i det staten overfører den kyrkjelege verksemda si til kyrkjelege organ er av stor betydning for kyrkja. Signala som går i retning av at bevillingane til kyrkja vil verte oppretthaldne på same nivå som i dag, er positive. Fjell sokneråd vil likevel be om at staten i sine rammeoverføringar også forpliktar seg til å ta omsyn til løns- og prisvekst.

Staten bør i sine tilskot ta også ta omsyn til dei kostandene kyrkja pådrar seg ved å ta over funksjonar som i dag vert løyst av departementet. Dette omfattar mellom anna problemstillingar knytt til IKT, rekneskap, personalforvaltning med vidare. Som følge av verksemdsoverdraginga må desse områda utviklast av kyrkja sjølv til eit heilskapleg og tenleg system. Her bør det utarbeidast ein analyse som avklarar dei økonomiske konsekvensane, og Fjell sokneråd vil be om at staten tek eit tydeleg ansvar for å dekkje desse kostnadene.

Landsfondet

Fjell sokneråd stiller seg ikkje bak departementet sitt forslag om å avvikle Den norske kyrkja sitt landsfond. På grunn av historia bak fondet bør det oppretthaldast. Tildelingar av tilskot frå fondet bør i sterkare grad rettast inn mot formål som har ein naturleg samanheng med historia bak fondet sitt opphav, til dømes tilskot til kyrkjer som er under press frå styresmakter i eige land, eller som ikkje får tilstrekkeleg vern til fri trus-utøving.

OVF

Fjell sokneråd stiller seg spørjande til departementet si haldning til opplysningsvesenets fond. Ei eventuell auke i avkasting vil etter departementet si meining gje grunnlag for ei avkorting i staten sitt tilskot til kyrkja. Dette er Fjell sokneråd ueinig i. Ei auka avkasting bør i staden sjåast som eit høve til å utvikle kyrkja vidare. I motsett fall er det i staten som vil få fordelene av at avkastinga aukar. Dette vil neppe vere i tråd med formålet uttrykt i lov om opplysningsvesenets fond, der det heiter at lova skal sikre at fondet kjem Den norske kyrkja til gode.

Departementet berører også spørsmålet om det er kyrkja eller staten som har dei underliggende eigarrettane til fondet. Fjell sokneråd er samd i at dei lovendingane som er føreslått isolert sett ikkje gjer det naudsynt å samstundes konkludere i dette vanskelege spørsmålet. På den andre sida vil vi spørje: Når skal ein å ta stilling til den underliggende eigarskapen til OVF, når det ikkje vert vurdert som naudsynt å gjere det når staten og kyrkja skil lag?

Fjell sokneråd undrar seg over departementet sine signal om at dersom utøvinga av eigarrettane til OVF vert lagt til ei fristilt kyrkje, vil dette medføre at staten og kommunane sitt finansieringsansvar ovanfor kyrkja må revurderast. Som departementet sjølv seier er det semje om formålet med og forvaltninga av fondet. Om det er kyrkja som har den underliggende eigedomsretten til OVF, vil ikkje dette endre behovet for løyvingar frå stat og kommune.